

Psykososialt kriseteam

Finnøy kommune har etablert eit psykososialt kriseteam som del av sin totale kriseberedskapsplan. Teamet skal fungera som eit støtteapparat for personar som har vore utsette for store psykiske påkjenningar i samband med alvorlege ulykker, tragiske dødsfall og liknande.

Kriseteamet skal ikkje erstatte eksisterande og naturlege støtteapparat som nær familie, slekt, naboar og venner. Kriseteamet skal vere eit supplement og ei støtte når det ikkje finst noko naturleg støtteapparat, eller når det naturlege støtteapparatet ikkje strekk til.

Naudetatane og legevakt, politi, vakthavande prest, eller kommunen sin beredskapskoordinator kan aktivere psykososialt kriseteam.

Sjå telefonnummer under [kriseinformasjon](#).